

## **Referat frå styremøte i Meland Frivilligsentral**

Møtedato: 13.februar 2014

Møtetid: 18.00 – 20.00

Møtestad: Frivilligsentralen

Tilstades: Kåre Skibenes, Audun Håland, Helge Kvam, Nina Randal

Forfall: Nils Marton Aadland, Sissel Monsen

### **Sak 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjend

### **Sak 2/14 Godkjenning av referat**

Godkjend

### **Sak 3/14 Handlingsplan 2014**

#### Vedtak:

Handlingsplan 2014 er godkjend og utvida med følgjande nytt hovudmål:

Hovudmål 4 Aktivt informasjonsarbeid

- Frivilligsentralen vil bidra til utarbeiding av ein eventuell frivilligmelding.

### **Sak 4/14 Referansegruppe i Meland**

#### Vedtak:

Frivilligsentralen ved dagleg leiar i samarbeid med Kultureininga lagar eit utkast til samansetjinga av ei Referansegruppe i Meland. Utkastet blir ført opp som sak på neste styremøte.

### **Sak 5/14 Gåve til Meland Frivilligsentral frå Fours As.**

#### Vedtak:

Styret godkjenner at gåva blir brukt til ungdomsarrangement i Nordgardsløa fredag 21.mars 2014.

### **Sak 6/14 Frivilligsentralar i Nordhordland. Informasjon om aktivitetsprofil.**

Dagleg leiar lagar ein oversikt over aktivitetsprofilane til sentralane i Nordhordland til neste styremøte.

**Sak 7/14      Eventuelt**

Samarbeidsavtalen med Pleie og omsorgstenesta i Meland kommune blir lagt ut på nettsidene til Meland Frivilligsentral.

Styret ber om at det blir sendt brev til Meland Helselag der ein oppfordrar medlemmer i helselaget til å sjå gjennom samarbeidsavtalen og gje tilbakemelding om det er oppgåver, dei som frivillige, kan bidra med å løyse.

Styret ber om at Frivilligsentralen blir lagt direkte inn under «Tenester» på kommunen si nettside. Slik den er plassert er den lite synleg.

Møtet slutt: 20.00

Neste styremøte: torsdag 10.april kl.18.00 på Frivilligsentralen

Ref.:

Nina Randal